

Fyresdal Barnehage

ÅRSPLAN 2020/2021



Barnehagen ligg fint til i nordenden av Fyresvatn, nært knytt til Hamaren aktivitetspark, som er ein del av vårt uteområde.

Fyresdal barnehage er open måndag-fredag, 07.00-16.30, heile året. Frå og med juni til og med august må barna ta ut 3 veker samanhengande ferie, jf. vedtektene. Barnehageåret 2020/2021 har barnehagen 4 avdelingar. Dei er fordela slik: 1-åringar, 2-åringar, 3-åringar og 4-5 åringar.

1-åringane er sjølv grunnsteinen i barnehagen. Skjerming, omsorg, tilvenning og medverknad er viktige element i alle tilpassa opplegg og i kvardagen. Avdelinga heiter Knatten og barnegruppa heiter Knøttungane.

2-åringane er Maurungane og avdelinga heiter Maurtuva.

3-åringane er Musungar og avdelinga heiter Hamaren.

4-åringane er Revungar og held til på Lislehamaren saman med 5-åringane som er Bjønnungar.

For 3- 5 åringane vil vi starte opp med smartgrupper.

4-5 åringane er dei eldste i barnehagen og vil vere friare til å gjennomføre sine aldersrelaterte opplegg. Det vil både vere aldersreine og aldersblanda opplegg på Lislehamaren og Hamaren. Her vil det bli språkgrupper og smartgrupper og mykje leik.

5-åringane vil ha heilt eigne opplegg med tanke på overgang til skulen.

Vennskap, relasjonsbygging og å inkludere andre er viktig. Difor vil samarbeidet på tvers av avdelingar fortsette, men gruppene blir verna ein del om hausten, slik at det vert ei god og trygg tilvenning.

Fyresdal barnehage har vald å ha flest vaksne i kjernetida til barna (mellom klokka 10.00-14.00). Om morgonen er personalet og barna samla på kjøkkenet for frukost og ein hyggeleg prat.

Foreldre og barn får eigen tid i garderoben og går inn på kjøkkenet når dei er klare. Har ein behov for å bli møtt i garderoben, så gje beskjed til personale. På ettermiddagen ynskjer vi å sende med familien ei hyggeleg oppleving frå dagen vår. Spør om det er noko du lurar på. Lengre samtaler må vi avtale tid til saman.



Meld til næraste leiar når du er nøgd og når du er misnøgd. Eit godt samarbeid oss vaksne mellom, nærar til eit trygt og godt opphald for barnet.



INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ

Barnehagen arbeider saman med skulen om eit inkluderande barnehage- og skulemiljø. For å skape gode vilkår for trivsel må barnehagen arbeide langsiktig og systematisk med miljøet og kulturen i barnehagen. Viktige faktorar i dette arbeidet er trygge vaksne med kompetanse, mot og vilje til å arbeide førebyggjande. Vi arbeider for å avdekke og motverke krenkande åtferd og fylgje opp tiltak som blir sett i gang.

INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ



Gjennom fokusområda i planen nedanfor vil vi arbeide for eit inkluderande barnehagemiljø i tråd med rammeplanen.

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurderingsfelt for ped.leiar
<p>Danning og læring:</p> <p>Barnehagen skal leggje grunnlag for barns forståing av fellesskapet, felles verdiar og normer. Bidra til å fremje tilhøyrse til samfunnet.</p> <p>Barn skal støttast i å utrykke synspunkt og skape mening for innhald og læringsprosessar.</p>	<p>Barnehagen legg til rette for:</p> <ul style="list-style-type: none"> • At omsorg pregar alle situasjonar • At barnet øver på og gjere seg opp eigne meiningar • Mangfald i barnegruppa • At barnet er med å drøfte eigne og andre sine erfaringar, slik at det dannar ny læring, kunnskap og sjølvstende • Utforskande aktivitetar • Gode læreprosessar 	
<p>Leik:</p> <p>Leik er barnets viktigaste oppgåve kvar dag.</p> <p>Barnehagen skal hjelpe barn til å kome inn i leik, utvikle leikekompetanse, styrke venskap og relasjonar.</p> <p>Barnehagen skal gje barn gode opplevingar av å meistre og erfare.</p>	<p>Barnehagen legg til rette for at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnet lærer og øver på sosial ferdighetar/smartferdighetar og blir kjend med eigne styrkar • Barnet får ein ven • Barnet kan halde på ein ven • Barnet kan vere ein ven • Vaksne er aktive og støttar barn i leik og samspel • Utstyr og materiale styrkar og utviklar leik • Barnehagen har gode fysisk miljø inne og ute • Barnet får vere uforstyrta 	
<p>Uteliv:</p> <p>Barnehagen skal bidra til at barn blir glad i og får erfaring med naturen. At barna opplever naturen som ein arena for leik og læring.</p>	<p>Barnehagen legg til rette for at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnet øver og lærer seg smartferdighetar • Barn og vaksne møter kvarandre med respekt og er inkluderande • Barnet blir kjent med nærområdet og brukar det • Barnet utviklar grunnleggande kunnskap og ferdigheit • Barnet blir kjent med naturens mangfald 	

<p>Sosial kompetanse og smart:</p> <p>Barnehagen skal bidra til at barn trivast og opplever livsglede og å mestre.</p> <p>Dette handlar om eit fellesskap for alle. For å vere i eit fellesskap må barn og vaksne ha ein del viktige eigneskapar. Smart er ein metode for dette. Ved å vise barna kva dei skal gjere gjennom gode sosiale ferdigheitar, framfor å påpeke kva dei ikkje skal gjere, trur vi at dei får eit godt verktøy. Smart er eit slags «multiverktøy» til å skape gode relasjonar og eit inkluderande miljø.</p>	<p>Barnehagen legg til rette for at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen brukar metoden smart for å tileigne seg sosial kompetanse • Barnet øver og lærer seg smart-ferdigheitar • Barn får lære og øve på smart-ferdigheitar • Barn får ein naturleg progresjon i smart ferdigheitar • Barn og vaksne kan bruke smartferdigheitar • Foreldre vert inkludert i arbeidet • Barnet får øve på sjølvstende • Barnet tek omsyn • Barnet kan vise omsorg • Barnet kan samarbeide • Barnet har eit godt munnleg språk • Barnet kan oppretthalde kontakt med andre • Barnet kan ta kontakt med andre på ein god måte 	
<p>Medverknad foreldre:</p> <p>Foreldre har rett og plikt til å påverke kvardagen og innhaldet i barnehagen. Dei har og ansvar for å følge opp barnet sitt barnehageliv.</p> <p>Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra.</p>	<p>Barnehagen skal legge til rette for at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viktige saker vert lagt fram for samarbeidsutvalet (SAMU) • Foreldremøte skal vere inkluderande og vere arbeidsmøter/drøftingsmøter, der ein saman kjem fram til kva som er barns beste • Barnehagen har opent tilbod for samtaler og foreldrerettleiing • Det vert gjennomført samtaler ved oppstart og foreldresamtaler kvart halvår 	

<p>Medverknad barn:</p> <p>Barn skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd og på den måten erfare å påverke det som skjer i barnehagen.</p> <p>Medverknad omhandlar alle barn, også dei minste barna (born frå 0-3 år). Dei er ekspertar på å uttrykkje seg gjennom kroppsspråket, det vil seie at dei brukar kroppen til å vise kva dei vil og ynskjer, og korleis dei har det.</p>	<p>Barnehagen legg til rette for at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Personale tek barns tankar og meiningar på alvor • Personale gjev tid og rom for lytting og samtale • Personale stiller opne spørsmål og er engasjert • Barn er med i planlegging, gjennomføring og evaluering • Personale i barnehagen tolkar og legg til rette for at små barn også får uttrykkje seg og påverke eige liv i barnehagen. • Det er gode samtaler mellom barnehage, foreldre og barn • Eigne samtaler med 5-åringane vert gjennomført siste året. 	
<p>Vaksenrolla (personale):</p> <p>Personale skal legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn og personale, og mellom barna som grunnlag for trivsel, glede og mestring.</p> <p>Auke relasjonskompetansen og sensitiviteten til personalet.</p> <p>Auke kompetanse på mobbeåtferd.</p> <p>Auke leiarkompetansen.</p> <p>Systematisk medarbeidarsamtaler.</p> <p>Auke kompetanse og bruke observasjon og kartleggingsverktøy Alle med og TRAS</p>	<p>Barnehagen skal legge til rette for:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tid i personalgruppa til kompetanseheving, refleksjon og barnehagens ansvar. • Arbeid med teori, drøftingar og praksis • Fagutviklingsgrupper kvar 14. dag der personalet arbeider med teori, drøftingar og praksis • At personalet er gode medmenneske og rollemodellar, møter barn med empati, gled, humor og omtanke. Personalet skal vere rause og positive • Vi skal sjå kvart einskild barn og fremme helse og trivsel • At vi er gode og trygge overgangar for foreldre og barn • Besøksordningar mellom avdelingane • Leiarutvikling • Observasjon som eit verktøy 	

<p>Informasjon:</p> <p>Visma Referat Månadsplan</p>	<p>Barnehagen legg til rette for at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Visma vert innført som ei kommunikasjonsplattform og bruka av personale og foreldre • Referat frå samarbeidsutvalet blir framlagt • Månadsplan og anna viktig informasjon kjem ut 	
<p>Språk:</p> <p>Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, kompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Barna skal møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrighet, bevisstheit og utvikling.</p> <p>Barna skal få anledning til å erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både verbalt språk og skriftspråk.</p>	<p>Barnehagen skal bidra til at barna</p> <ul style="list-style-type: none"> • uttrykkjer kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar • bruker språk til å skape relasjonar og delta i leik og som reiskap til å løyse konflikhtar • vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd • leiker, improviserer og eksperimenterer med rim, rytme, lydar og ord • møtet eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer • opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale • utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese og skriveaktivitetar 	

<p>Vurdering:</p> <p>Halvårsrapport Foreldresamtaler Foreldremøter Foreldreundersøking</p>	<p>Barnehagen legg til rette for:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Halvårs vurdering av plan, og barnehagen som verksemd vert lagt fram for samarbeidsutvalet • At foreldre har høve til å kome med attendemeldingar i foreldresamtaler og foreldremøter • Det skal gjennomførast foreldreundersøking kvart 2. år • Gjennomføring av medarbeidarsamtaler • Verktøyet «Alle med» på alle barn kvart halvår. I tillegg skal det gjennomførast «TRAS « der det er utfordringar med språk. • TRAS og Alle med er kartleggingsverktøy for observasjon av tidlig kommunikasjon. Dette er gode verktøy for sosial og emosjonell utvikling, leikeutvikling, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansemotorisk utvikling, fysisk aktivitetsnivå, samspel og språk. Skjema er sett saman av spørsmål til å krysse ut og/eller skraver. Dette er kartlegging pedagogen gjer for å belyse, sikre og utvikle progresjon. Dette vert gjort i samarbeid med føresette i høve samtaler. 	
---	---	--

Personalet i barnehagen:

Linn Cecilie Hansen	Barnehagelærer/Pedagogisk leiar
Janine Braemer	Barnehagelærer/Pedagogisk leiar
Irene Aamlid	Assistent
Anne Grete Aamlid	Barne- og ungdomsarbeidar
Gro Kvasjord	Assistent
Kristine Berthelsen	Barnehagelærer/Barnevernspedagog/Pedagogisk leiar
Anne-Signe Aamlid	Assistent
Ann Susann Aadalen	Barnehagelærer/Ass styrar
Tone Nedrebø	Barnehagelærer/Pedagogisk leiar
Heidi Ramsvatn	Assistent
Björg Aamlid Haugen	Assistent
Lina Haugholmen	Barnehagelærer
Siw Annette Aamlid	Barne- og ungdomsarbeidar
Nora Ramsvatn	Barne- og ungdomsarbeidar
Ingvild Lund Frantzen	Barnehagelærer
Nicola Dahler	Lærling
Solveig Johre Rustand	Administrasjon
	Styrar

Telefonnummer i barnehagen:

Knatten: 90875296/35067184, e-post: linn.c.hansen@fyresdal.kommune.no
Maurtuva: 90229260/35067184, e-post: janine.braemer@fyresdal.kommune.no
Hamaren: 90217743/35067181, e-post: tone.nedrebo@fyresdal.kommune.no
Lislehamaren: 90876209/35067181, e-post: kristine.berthelsen@fyresdal.kommune.no
Styrar:
Opptakskontor: 35067176, e-post: solveig.rustand@fyresdal.kommune.no
Kommunalsjef: 35067100, e-post: liv.johre@fyresdal.kommune.no
Besøks adresse: Fyresdal barnehage, Landstadvegen 30, 3870 Fyresdal
Postadresse: Fyresdal barnehage, Kokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal

Vedlegg:

Smartferdigheitane

Fokusområda - smart, sosial kompetanse, språk og uteliv

Trafikkopplæring og trafikksikring

Årshjul - aktivitetar